



## Møtereferat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Dato:** Torsdag 18.11.2021  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Ord for dagen:** Herman Inge

### Til stades i møtet:

Svein Lunde	leiar	forfall
Wenche Andersen Helland	nestleiar	X
Sigrid Marie Fangel	skrivar	X
Tom Rydland	medlem	X
Anne Marie Røed	medlem	X
Herman Inge Aadland	medlem	X
Håkon Rydland Sæbø	medlem	X
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem	forfall
Roald Drønen	sokneprest	X
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant	forfall
Jostein Skram	1. vara	forfall
Karin Maria Korsvik	2. vara	forfall
Magnor Tverderøy	3. vara	
Hilda Gloppen	4. vara	
Jan Ottar Wiik	5. vara	
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest	
Jan Overweg	kyrkjeverje	X

Fitjar, 18.11.2021

Wenche Andersen Helland  
soknerådsnestleiar

Jan Overweg  
kyrkjeverje

Sigrid Fangel  
referent

## Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2021/70	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2021/71	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 04.11.2021	x
2021/72		Kort orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet	x
2021/73		Økonomirapport januar-oktober 2021	x
2021/74		Utstilling av inventar frå gamle kyrkja	x
2021/75		Høyring framtidig kyrkjeleg organisering	
2021/76		Strategidokument Fitjar sokneråd 2021-2023	
2021/77		Gudstenesteliste for våren 2022	
2021/78		Val av leiar og nestleiar	
2021/79		Møteplan våren 2022	
2021/80		Meldingar / open post	

### **Sak 2021/70 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saklister godkjent.

#### **Vedtak:**

Som framlegg

### **Sak 2021/71 012.1 Referat frå sist møte**

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 4. november 2021.

#### **Vedtak:**

Som framlegg

### **Sak 2021/72 Kort orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet**

Kyrkjeverje legg fram ei orientering om arbeidet i soknet.

Ikkje så lenge sidan sist møte, slik at ikkje så mykje nytt om arbeidet.

-Gudsteneste på institusjonane er starta opp

-Temakveld er gjennomført

-Minnemarkering heile helga kring Helgemesse er blitt ein fin tradisjon. Vert verdsett. Diakoninemnda gjer ein god jobb

|

- Lys vaken
- Arbeid med visitas
- Mykje førebuing før høgtider, travelt på kyrkjekontoret
- Elisabeth har fått ein gut.
- Sølvpuss i kyrkja er gjennomført med strålende resultat
- Omtale i Bladet Sunnhordland om visitasen

Roald orienterte litt om praktiske sider ved organisering av visitasen.

Det kjem fram at det er behov for nokre platekaker og nokon som kan servere kaffi. Wenche tar kontakt med Inger Sofie for å avklare kva Kaffigjengen tenkjer. Soknerådet skaffar 3 platekaker og tek med nokre kanner kaffi/ei med te

#### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

#### **Vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

#### **Sak 2021/73 Økonomirapport januar-oktober 2021**

Kyrkjeverje orienterer om økonomien pr. oktober 2021. Saldorapport ligg ved innkallinga. For å kunna ta stilling til eventuelle endringar i disponeringar er det nødvendig å merka seg

- budsjettert bruk av ubundne fond (19400)
- at tilskot til trusoplæring (17000) først kjem i november
- at festeavgift (16106) førebels ikkje er ført i rekneskapen
- at annonseinntekter for kyrkjebladet (16202) ikkje er ført i rekneskapen

Underfakturering frå Fitjar kommune i 2020 har ført til at vi blir fakturert for 14 mnd under kyrkjeleg administrasjon. Dette blir dekkja opp med ubundne fond.

Det er rom for å nytte om lag 20 000 til innkjøp av materiell til trusoplæring.

På Anna kyrkjeleg verksemd er det sett 20 000 til serveringsutgifter. Av desse kan 19 000 nyttast til kyrkjelydsfest i samband med visitasen.

I tillegg ser det ut for eit ytterlegare underforbruk på om lag 10 000 kr. Soknerådet ynskjer at 5000 vert gjeve til Misjonsprosjektet i Mali og at 5000 vert gjeve til den Lutherske kyrkja på Cuba.

I møtet kom det fram ulike konkrete forslag til korleis evt underforbruk kan nyttast. Td på kyrkjegard kan ca 50 000 nyttast til verktøytavle for brukarane, løftebord til verkstaden, klyppa greiner av store tre langs riksvegen, med meir.

20 000 evt meir, kan nyttast til å sponsa ungdomar som vil reisa til KRIK explore. kr 2300 (deltakaravgift) per reisande frå Fitjar.

#### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

|

**Vedtak:**

Soknerådet drøfta tek orienteringa til vitande, og innser at også i 2021 har aktivitetsnivået vore lågt grunna pandemi. Forventa underforbruk på dei ulike postane i rekneskapsåret, bør nyttast til ulike gode tiltak som drøfta i møtet.

**Sak 2021/74 Utstilling av inventar frå gamle kyrkja**

På galleriet i kyrkja er det utstilt både preikestol, døypefont og anna inventar frå gamle kyrkja. Kyrkjeringen v/ Anne Britt Tornes har lagt forslag til korleis ein kan presentera og dokumentera denne utstillinga betre. Det er tenkt å produsera ei avlang tavle som kan hengjast på veggen ved utstillinga som fortel noko om gjenstandane og gamle kyrkja. Kyrkjeringen vil ta kostnadene. Forslaget er lagt ved innkallinga.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet støttar framlegget og ber kyrkjeringen å fullføra i samarbeid med kyrkjeverje.

**Vedtak:**

Som framlegg, og i tillegg garanterer soknerådet for eventuelle kostnader som går ut over den ramma kyrkjeringen har sett av. Soknerådet oppmodar til at det vert nytta ei visuell utforming som tek omsyn til synshemming, td gjennom reduserte kontrastar mellom skrift og bakgrunn på infotavler

**Sak 2021/75 Høyring framtidig kyrkjeleg organisering**

Saka har tidlegare vore handsama i sak 2021/55 og 2021/62. Arbeidsgruppa som har arbeidt med høyringsspora legg fram ferdig høyringssvar. Dokumentet er lagt ved innkalling.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet sender høyringssvar slik det no er lagt fram - innan fristen 01.12.2021.

**Vedtak:**

Som framlegg. Soknerådet takkar for den viktige jobben som AU har gjort.

**Sak 2021/76 Strategidokument Fitjar sokneråd 2021-2023**

Strategigruppa presenterer dokumentet som er utarbeidd. Dokumentet er lagt ved innkalling.

Tom fortalte litt om prosessen fram til dokumentet slik det ligg føre.

Jan peiker på at dei tilsette må få koma med innspel til dokumentet. Det er også viktig at dei ulike ressursgruppene får uttala seg.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

**Vedtak:**

Soknerådet takkar for det gode arbeidet som strategigruppa har lagt ned i dokumentet, og legg opp til at det vert lagt fram for drøfting på fellesmøte med dei tilsette og soknerådet i januar 2022

**Sak 2021/77 Gudstenesteliste for våren 2022**

Gudstenestepelen slik den ligg føre er drøfta i stab og gudstenesteutval.

Takkofferlista er vedteke ut januar. Takkofferlista for februar til juli vert lagt fram for soknerådet i januar.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner gudstenesteplan for våren 2022 slik den er lagt fram i møtet.

**Vedtak:**

Som framlegg

**Sak 2021/78 Val av leiar og nestleiar**

Leiar og nestleiar skal veljast blant dei faste medlemmane, og for eit år om gongen. Noverande leiar og nestleiar seier seg viljug til attval.

Valet skal vera skriftleg (verksemdreglane §1 nr.3).

**Vedtak:**

Soknerådet vel desse einstemmig for eit år:

Leiar: Svein Lunde

Nestleiar: Wenche Andersen Helland

**Sak 2021/79 Møteplan våren 2022**

Forslag til møteplan for sokneråd og arbeidsutval er slik:

torsdag 20.01 - (Arbeidsutval 12.01)

torsdag 17.02 - (Arbeidsutval 09.02)

torsdag 31.03 - (Arbeidsutval 23.03)

torsdag 21.04 - (Arbeidsutval 06.04)

torsdag 19.05 - (Arbeidsutval 11.05)

torsdag 16.06 - (Arbeidsutval 08.06)

Møter i sokneråd til vanleg 18.30-21.00

Møter i arbeidsutval til vanleg 17.00-18.30

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner møteplan for våren 2022 slik den er lagt fram i møtet.

**Vedtak:**

Som framlegg

**Sak 2021/80 Meldingar / open post**

Anne Marie la fram forslag om kandidatar til Val i trusopplæringsutvalet:

Birgitte Brenne, Eli Sigrun Wiik, Hilde Karin V. Eiken, Anne Marie Røed. Som nytt medlem er føreslege Torunn K. Aarskog.

Soknerådet sluttar seg til forslaget slik at dei aktuelle kandidatane er spurt til valet som skal skje i januarmøtet.

Anne Marie hadde også spørsmål om digitale overføringar

|

Da det er betalt lisens frå 10.21 til 04.22., kan spørsmålet takast opp til drøfting på soknerådsmøte i februar 2022.

|